



## Nyheitsbrev frå Fjaler kommune desember 2024

Vi har ei målsetting om å informere jamnleg om det som skjer i kommunen. Her informerer vi om aktuelle saker som er av interesse for alle som jobbar i kommunen.

### Framsnakk

Den beste måten å få til endringar gjennom «Framsnakk», er å satse på barn og ungdom. Sparebankstiftinga Fjaler har derfor bestemt å gje 1000 kroner til kvar elev i kommunen.

Sett i eit folkehelse-perspektiv så er «Framsnakk» smittsamt. Vi må jobbe med dette over tid.

Torunn Mattson delte ut følgjande gåvesjekkar:

Flekk skule 39 000 kroner

Montessori-skulen 41 000 kroner

Våge skule 42 000 kroner

Dale vidaregåande skule 173 000 kroner

United World College 201 000 kroner

Dingemoen skule 262 000 kroner

### Nytta AS – banebrytande samarbeid

Etableringa av Nytta AS representerer eit viktig steg framover for Fjaler kommune. Fjaler som dei fleste kommunar har store utfordringar med å få til ein berekraftig økonomi og har avgrensa fleksibilitet og handlingsrom. I modellen for etablering av Nytta AS, har vi lagt grunnlaget for eit selskap som har potensial til å lykkast med samfunns- og næringsutvikling og å få til ei berekraftig utvikling. Dette prosjektet er eit godt døme på korleis kommunen og næringslivet kan løyse utfordringar og skape moglegheiter gjennom samarbeid og nytenking. Etter nyttår håpar vi å ha på plass tre tilsette – «ministrar».

# Alle gode ting er tre

Vi er gang med å lage tre planar som vi skal ha felles høyring og folkemøte.

Høyringsperioden er januar og februar. I denne perioden vil vi også gjennomføre folkemøte:

Mandag 27. januar: 18-20 Guddal grendehus (gamleskulen)

Onsdag 29. januar: 18-20 Framtun grendehus på Grytøyra

Tysdag 4. februar: 18-21 Fjalerhuset, Dale

Torsdag 6. februar: 18-20 Ungdomshuset Vonheim i Flekke.

## 1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Den overordna og viktigaste planen vi har. Skal gjelde for 12 år.

Denne planen er grunnlaget for alt anna planarbeid i kommunen.

Satsingsområda:

- Gode kvardagsliv
- Næringsutvikling og verdiskaping
- Klima, natur og miljø
- Fjaler kommune som arbeidsgjevar og tenesteytar

## 2. Kommunedelplan for Dale

Tidlegare i år blei kommuneplanen sin arealdel endeleg vedtatt! No kjem vi i gang med kommunedelplan for Dale, der vi skal sjå på framtidig samfunnsutvikling og arealbruk i Dale. Hovudtema i planarbeidet vil vere bustad, trafikk, sentrumsutvikling, samfunnstryggleik og offentlege tenester.

## 3. Trafikktryggingsplan

Trafikktryggingsplanen skal bidra til å skape tryggare trafikktilhøve for alle trafikantar i kommunen. Planen omfattar både haldningsskapande arbeid og fysiske tiltak. Teknisk vil ha hovudansvaret for planen, men vi ønsker at andre einingar òg vil delta aktivt i planprosessen.



## Betre informasjonsflyt og auka kvalitet

I løpet av

2024 er det gjennomført innføring av nye digitale løysingar som er tilgjengeleg for dei tilsette i Fjaler kommune. Felles for alle løysingane er å kunne bidra til at vi leverer gode tenester, auka kunnskap og betre informasjon.


Døme på dette er kvalitetshandboka Netpower og Personalhandboka. Begge desse finn du på intranett eller som eigne appar på citrix. eller ved å logge inn via nettlesaren

## Språkkafé med nålefilting, toving og strikking

I haust har språkkaféen på Samvirket hatt språktrening med fokus på toving/nålefilting og strikking.

Fem fantastiske frivillige, har over 5 veker vist teknikkane og hjelpt 30 elevar på introduksjonsprogrammet samt 4 elevar og 2 lærarar frå UWC.

Deltakarane var superentusiastiske og nokon lærde seg nye strikketeknikkar, nokon



## «Berekraftig omstilling» - KS-læringsnettverk

KS-læringsnettverk som vi er ein del av, og der representantar frå politisk leiing, tillitsvalde, verneombod og leiinga deltek ilag med 7 andre kommunar i Vestland (mellom anna Sunnfjord, Kinn, Stryn, Stad) startar med første samling rett etter nyttår. Det er lagt opp til 2-3 årleg samlingar i 2025 og 2026. Målet med vår deltaking i prosjektet er å styrke evna til å lykkast med arbeidet med innsparing og omstilling som sikrar berekraftig økonomi og utvikling av eit berekraftig Fjaler-samfunn.

## Ny rektor på Våge skule

Terje André Bringeland byrjar i stillinga etter nyttår. Vi ynskjer han velkomen til Fjaler kommune.



## «20 millionar målet» Arbeid med betring av økonomien

I samband med budsjettarbeidet har det i høve plan for arbeid med innsparing vore jobba med å finne løysingar for å nå mål om innsparing på kr 20 mill. Vi hadde håpa å kunne kome nærare målet, men grunna tøffe budsjettprosessar dei siste åra, er vi eit stykke frå målet og må vi jobbe vidare med å finne løysingar. I tillegg til at det er lite tid på hausten har vi og hatt lite ressursar i nokre av tenesteområda. Og skal vi lykkast – gjennomføre gode prosessar - føreset det meir og betre samhandling. Det betyr at det blir planlagt for vidare arbeid utover vinteren og våre med mål om å kunne legge fram sak til kommunestyre til møte i juni.

## Mottak av flyktningar

Det vart i kommunestyre 19. desember vedteke at Fjaler kommune skal ta imot 10 flyktningar. Anmodingstalet frå IMDI var 15.

Integreringstenesta har no 99 flyktningar under oppfølging. 55 av desse er voksne og 44 er barn. 18 av desse kom til Fjaler i løpet av 2024, resten har kome dei siste åra.. 25 av desse følg introduksjonsprogrammet som vert gjeven av vaksenopplæringa i samarbeid

## Julehelsing frå kommunedirektøren

No når året går mot slutten, vil eg nytte høve til å rette ein stor takk til dykk alle for innsatsen i året som har gått. I løpet av året har vi mottek gode tilbakemeldingar frå fornøyde innbyggjarar. Slike tilbakemeldingar er kjekke å motta og viser at de gjer ein viktig og god jobb for innbyggjarane. Det er takka vere dykk at vi står støtt – sjølv når utfordringane er store.

Neste år vil nok krevje mykje av oss. Vi skal halde fram med innsparingsarbeidet og vi skal gjere det saman. Med kunnskap, klokskap, god innspel og samhald er eg trygg på at vi skal finne løysingar som gjer oss betre, meir effektive og endå meir stolt av det vi får til saman.

Takk for innsatsen i 2024, og for at de er med på å gjere Fjaler til ein sterk og framtidsretta kommune.

Vi fekk også ei helsing til alle tilsette frå kommunestyret der dei ynskja å takke for innsatsen i 2024.

Ei riktig god jul og eit godt nytt år til dykk alle!

Ola Hovland  
kommunedirektør

